



Styre

Styret har i året 2006 vore slik samansett:

Leiar	Arnstein Brevik
Nestl.	Peder Hønsvik
Sekretær	Nils Tore Leivdal
Kasserar	Magnar Almberg
Styremedl.	Kirsty McKinnon
Musikalsk leiar	har vore Helge Husby.

Aktivitet

Laget har stort sett hatt øvingar ein til to gonger i månaden. Øvingsstad har som oftast vore Halså barne- og ungdomsskule. Oppmøtet på øvingane har vore jamt bra, særleg i haust, der det på det likaste har vore 14 personar til stades på nokre av kveldane. Forklaringa på dette gledelege oppsvinget er at fleire som har vore med tidlegare, men som av ulike årsaker ikkje har kunne møtt på ei stund, no har kome med att. Dette gjeld gode folk som Linda Torvik, Helga Eikrem og Hilde Bergfald. Det har dessutan kome til nye. Mellom anna kan det nemnast at laget har fått ny bassist. Rolf Holte tek turen heilt frå Trondheim for å vera med på øvingar og opptredenar i laget. Når ein i tillegg kan skilte med ein svært aktiv og flink tenåring i rekkjene, nemleg Runhild Heggem, kan ein trygt slå fast at laget på mange måtar har hatt eit løft i 2006.

Denne positive utviklinga har rett nok ikkje gjeve seg utslag når det gjeld dansen enno. Ein må kunne seie at spel- og dansarlaget mest er eit spelmannslag og i mindre grad eit dansarlag. Her står det noko att før ein kan seie seg fornøgd.

Kappleik

Fylkeskappleiken for 2006 var lagt til Ålesund. Laget deltok i C-klassa for fele med Runhild Heggem, i pardans med Kirsty McKinnon og Rune Hanem og i lagspel for fele med komp. Dansarane strauk like godt av stad med førsteplassen i si klasse for andre året på rad, Runhild vann klassa si og det vart ein femteplass i lagspelet der det deltok i alt ni lag. Helge Husby var òg med som dommar i vokal og fele.

Laget har òg medlemmar som ved ymse høve har gjort seg gjeldande på Landskappleiken. Her nemner ein at Runhild Heggem deltok for første gong i 2006 og kom på ein 11.plass.

Deltaking i andre arrangement

Om ein ser bort frå opptreden i samband med kommunesamanslåinga mellom Tustna og Aure første helga i januar 2006 – denne er omtala i den førre årsmeldinga – hadde laget det første oppdraget sitt ein liten halvtime etter at årsmøtet var heva. Det var på ein kulturkafé på Drøpping Handel på Tingvoll.

Vidare deltok laget med spel på ein øvingskveld for dansarane i UL Ottar Birting på Tingvoll. Dette var den 3. april, og her var tanken at ein skulle ha samspel i lag med Sunndal spelmannslag. Dette vart det dessverre ikkje noko av.

Ein meir uoffisiell opptreden fann stad på Kristi Himmelfartsdag. Dei lagsmedlemmane som hadde høve, tok da meir eller mindre uanmeldt turen til Runhild sin konfirmasjonfest på Osmarka. Dette vart godt motteke, og traktementet var upåklageleg!

Den 11. juni var det klart for konsert på Åkerfallet i Tingvoll. I eit overdådig finvêr deltok laget saman med utøvarar frå fleire sjangrar. Det var svært godt publikumsframmøte.

Den 12. august var medlemmar i laget invitert til Marit Rakstang og Helge Husby sine 50-årsmarkeringar. Her vart det stor stemning og dansespel mellom anna i lag med "Hørkelgaddan". Kvaliteten på spelet vart kan hende noko varierande utpå natta, men det såg ikkje ut til at nokon let seg plage av det.

Som vanleg var laget sin nestleiar, Nils Tore Leivdal, "primus motor" i samband med den årlege Nordmørskvelden i Innerdalen. Dette arrangementet vart heldt siste helga i september. Denne gongen klarte laget å mønstre mannsterkt, og bidro både på kulturkvelden og med dansespel seinare på kvelden. Også dette arrangementet var godt besøkt.

Den siste opptredenen for året fann stad på Tingvoll den 6. desember. Da stilte laget opp med musikk på eit dansekurs for born i regi av UL Ottar Birting.

Ymse

Laget fekk i fjor sommar melding om at gravstøtta til Nils Bakke på Nordlandet gravstad av ein eller annan grunn var fjerna. Helge Husby og kasserar Magnar Almberg tok rask affære i saka, og gravstøtta er no kome opp att. Laget har forplikta seg til å bera kostnadene med å ha ho ståande.

Sjølv om det har vore dårleg med formelle styremøte og organisatorisk lagsarbeid, må ein likevel kunne seie at 2006 har vore eit aktivt år for Nordmøre spel- og dansarlag. Det har vore etter måten mange opptrednar, og laget har fått synt seg fram i fleire ulike samanhengar. Dette, saman med det gode frammøtet på øvingane det siste halvåret, gjer at ein må kunne karakterisere 2006 som eit godt år for laget.

Laget hadde ved årsskiftet 25 betalande medlemmar.

Tustna, 10. februar 2006

For styret i Nordmøre spel- og dansarlag

